

Kraftsituasjonen veke 25, 2022

Høge kraftprisar og høg nettoeksport frå Sørlege Noreg

Det er framleis høge kraftprisar i Sørlege Noreg (NO1, NO2 og NO5). I Sørvest-Noreg (NO2) var vekeprisen 222 øre/kWh, ein auke på over 20 prosent frå veka før. I starten av veka følgde kraftprisen i Sørvest-Noreg med opp på nivå med prisane på kontinentet i fleire timar. Måndag morgon var kraftprisen i Sørvest-Noreg over 500 øre/kWh. Dette var i høglasstimar med låg sol- og vindkraftproduksjon i Norden og på kontinentet. I Sørøst- og Vest-Noreg (NO1 og NO5) var vekeprisane på nivå med veka før, og enda på 160 øre/kWh. Flaskehalsar i nettet gav lågare kraftpris i Sørøst- og Vest-Noreg enn i Sørvest-Noreg.

I Sørlege Noreg var det nettoeksport i 162 av 168 timar førre veke. Dei høge prisane på kontinentet bidrog til auka norsk vasskraftproduksjon og den nest høgaste nettoeksporten over ei veke frå Sørlege Noreg så langt i år.

I Midt- og Nord-Noreg gjekk vekeprisen ned med 20 prosent til 8 øre/kWh. Det er fleire faktorar som bidreg til dei låge prisane. Fyllingsgraden i vassmagasina i desse prisområda ligg over medianen, og det kom mykje snø i desse områda denne vinteren. Dei høge temperaturane i nord gjer at det vil bli mykje snøsmelting på kort tid. I tillegg til den gode ressursituasjonen, auka vindkraftproduksjonen frå veka før. Det er og reduserte eksportmoglegheiter ut av Nord-Noreg på grunn av planlagt vedlikehald, noko som bidreg til lågare kraftpris.

Vedvarande uro i energimarknadane bidreg til store variasjonar og høg uvisse rundt både kraftprisane og brenselsprisane for tida. Russland sin invasjon av Ukraina og uvisse rundt konsekvensar av dette kan gje store utslag på prisane i energimarknadane framover.

Vassmagasinstatistikk

Ved utgangen av veke 25 var fyllingsgrada i norske magasin 53,0 prosent. Til samanlikning er medianverdien for fyllinga på tilsvarende tidspunkt 63,7 prosent for åra 2002-2021. Gjennom veka auka magasinfyllinga med 4,5 prosenteningar. Høgast magasinfylling hadde Midt-Noreg (NO3) på 70,9 prosent, medan Sørvest-Noreg (NO2) hadde lågast fylling på 43,2 prosent.

Vêr og hydrologi

I veke 25 var temperaturen i Sør-Noreg omkring fire grader over vekegjennomsnittet for siste 20 år og 2 grader over gjennomsnittet i Nord-Noreg. I veke 26 er det venta varmare vêr i Nord-Noreg med temperaturar som er 6 – 7 grader over vekegjennomsnittet. I Sør-Noreg er det venta temperaturar som er om lag 3 grader over gjennomsnittet..

For veke 25 er berekna tilsig 6,5 TWh. Det er 112 prosent av vekegjennomsnittet. I veke 26 er det venta eit tilsig på 8,3 TWh eller om lag 160 prosent av vekegjennomsnittet.

Berekna snømagasin i slutten av veke 25 er 13 TWh. Det er om lag som gjennomsnittet (2001-2020) for denne tida av året. Prognosert snømagasin ved slutten av veke 26 er 8 TWh.

I store deler av landet er det nå snøbart, men det er framleis noko snø i enkelte fjellområde. For fleire detaljer om til dømes snø, sjå: www.senorge.no/map


Magasinfylling

Tabell 1 Magasinfylling. Kjelde: NVE og Nord Pool


	Prosent				Prosentteiningar		
	Veke 25 2022	Veke 24 2022	Veke 25 2021	Median veke 25	Endring frå sist veke	Differanse frå same veke i 2021	Differanse frå median
Norge	53,0	48,5	65,4	63,7	4,5	-12,4	-10,7
NO1	57,2	53,6	75,2	74,6	3,6	-18,0	-17,4
NO2	43,2	41,3	66,3	66,7	2,0	-23,1	-23,5
NO3	70,9	62,8	72,0	67,0	8,1	-1,2	3,9
NO4	66,8	61,1	68,0	60,3	5,7	-1,2	6,5
NO5	46,0	39,3	54,3	56,2	6,6	-8,3	-10,2
Sverige	72,3	68,2	74,2	67,0	4,1	-1,9	5,3

*Referanseperioden for medianen er 2002-2021 for Noreg og dei fem norske elspotområda.


Figur 1: Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Prosent. Kjelde: NVE





Figur 2: Fyllingsgraden til vassmagasina i Sverige. Prosent. Kapasitet=33,8 TWh. Kjelde: Svensk Energi



Figur 3 Fyllingsgraden til vassmagasina i elspotområda NO1, NO2, NO3, NO4 og NO5. Prosent. Kjelde: NVE





Tilsig og nedbørtilhøve

Tabell 2 Tilsig og nedbør. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹

TWh	Veke 25 2022	Veke 25 Gjennomsnitt	Veke 25 2021	Differanse frå same veke i 2021	Prosent av gjennomsnitt veke
Tilsig	6,5	5,8	4,4	2,1	112
Nedbør	0,1	1,3	0,5	-0,4	10

Tabell 2a Utviklinga i tilsig og nedbør så langt i år. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹


TWh	Veke 1-25 2022	Gjennomsnitt	Differanse frå gjennomsnitt
Tilsig	62,4	63,8	-1,4
Nedbør	67,6	59,7	7,9

Tabell 2b Forventa tilsig og nedbør i inneverande veke. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹

	TWh	Prosent av gjennomsnitt
Tilsig	8,3	160
Nedbør	3,3	221

For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: <http://www2.nve.no/h/hd/plotreal/>


Figur 4 Nedbør i Noreg 2021 og 2022, og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: NVE¹




¹ For fleire detaljar sjå <https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/>

Figur 5 Nyttbart tilsig i Noreg i 2021 og 2022, maks, min og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh.



Kjelde: NVE¹



Figur 5b Nyttbart tilsig i elspotområda NO1, NO2, NO3, NO4 og NO5 i 2021 og 2022, maks, min og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: NVE





Tilsig i Midt-Noreg (NO3)





□ Årtilsig
■ Tilsig til og med veke 25

Tilsig i Nord-Noreg (NO4)




□ Årtilsig
■ Tilsig til og med veke 25

Tilsig i Vest-Noreg (NO5)



□ Årtilsig
■ Tilsig til og med veke 25

Figur 6 Hydrologisk balanse for Noreg, ref. periode (2002-2021). Kjelde: NVE¹




*Hydrologisk balanse er definert som samla vasskraftpotensial samanlikna med normalt


Tabell 3 Hydrologisk balanse for Noreg. Kjelde: NVE¹

TWh	Veke 25 2022	Anslag veke 26 2022
Avvik magasin	-8,3	-5,4
Avvik snø, grunn- og markvatn	0,0	-0,9
Hydrologisk balanse	-8,3	-6,3

Figur 7 Temperaturar i Noreg per dag, gjennomsnitt og normal for veka. Kjelde: Meteorologisk institutt og SKM Market Predictor



Figur 7b Utviklinga av snømagasin for dei norske vassmagasina vintrane, 2019/20, 2020/21 og 2021/22 i GWh. Gjennomsnitt, maksimum og minimum er for 20-års-perioden 2001-2020. Raud linje synar òg prognose. Kjelde: NVE



Produksjon, forbruk og utveksling


Tabell 4 Nordisk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: SKM Market Predictor

	Veke 25	Veke 24	Endring frå førre veke (GWh)	Endring frå førre veke (%)
<i>Produksjon</i>				
Norge	2 556	2 575	-20	-1 %
NO1	293	349	-56	-16 %
NO2	755	636	119	19 %
NO3	512	548	-36	-7 %
NO4	466	464	3	1 %
NO5	529	578	-49	-8 %
Sverige	2 506	2 797	-290	-10 %
SE1	443	383	60	16 %
SE2	873	1 051	-178	-17 %
SE3	1 081	1 227	-146	-12 %
SE4	109	135	-26	-19 %
Danmark	360	465	-105	-23 %
Jylland	260	327	-67	-20 %
Sjælland	102	137	-35	-26 %
Finland	986	1 163	-177	-15 %
Norden	6 408	7 000	-592	-8 %
<i>Forbruk</i>				
Norge	1 909	2 070	-161	-8 %
NO1	393	453	-59	-13 %
NO2	537	551	-14	-2 %
NO3	406	461	-55	-12 %
NO4	305	329	-25	-7 %
NO5	268	277	-9	-3 %
Sverige	2 049	2 135	-85	-4 %
SE1	175	178	-3	-2 %
SE2	225	232	-6	-3 %
SE3	1 300	1 357	-58	-4 %
SE4	350	367	-18	-5 %
Danmark	622	573	49	8 %
Jylland	390	350	40	11 %
Sjælland	232	224	9	4 %
Finland	1 283	1 368	-85	-6 %
Norden	5 863	6 146	-282	-5 %
<i>Nettoeksport</i>				
Norge	647	505	141	
Sverige	457	662	-205	
Danmark	-262	-109	-153	
Finland	-297	-204	-92	
Norden	545	854	-309	

*Ikkje temperaturkorrigerte tal.



Vind- og kjernekraftproduksjon

Figur 8 Kjernekraftproduksjon i Sverige og Finland dei to siste vekene. Kjelde: SKM Market Predictor (Førebels statistikk).





Merknad: Det finske kjernekraftverket Olkiluoto 3 (1600 MW) starta testproduksjon i veke 10 og vart kopla til nettet 12. mars 2022. Vi har difor endra installert kapasitet i figuren over. Produksjonen skal gradvis trappes opp og kraftverket er venta å vere i full drift i slutten av september.

Figur 9 Vindkraftproduksjon i Noreg, Danmark, Finland og Sverige dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Noreg, Danmark, Finland og Sverige i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 10 Vindkraftproduksjon i Norden, Tyskland og Storbritannia dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Norden, Tyskland og Storbritannia i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: SKM Market Predictor



Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk


Tabell 5 Produksjon, forbruk og utveksling så langt i år. Kjelde: SKM Market Predictor (Førebels statistikk)

Noreg (TWh)	Til no i år	Same periode (2021)	Endring (%)	Endring (TWh)
Produksjon	73,9	80,0	-8,4	-6,2
Forbruk	67,6	72,8	-7,8	-5,2
Nettoeksport	6,3	7,2		-0,9


Norden (TWh)	Til no i år	Same periode (2021)	Endring (%)	Endring (TWh)
Produksjon	209,1	213,8	-2,2	-4,6
Forbruk	194,0	205,9	-6,1	-11,9
Nettoeksport	15,2	7,9		7,3

Utvexling


Figur 11 Nettoutveksling pr. veke for Noreg, Norden, Sørlege-Noreg (NO1, NO2, NO5) og Midt- og Nord-Noreg (NO3, NO4) i år og førre år. GWh. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 12 Import og eksport i dei norske elspotområda førre veke. Alle tal i GWh. Kjelde: SKM Market Predictor.



Figur 13 Marknadsflyt mellom elspotområda i Norden førre veke, GWh. Kjelde: SKM Syspower



Kraftprisar

Engrosmarknaden


Tabell 6 Kraftprisar – nordiske elspotområde*. Vekesnitt. Kjelde: SKM Market Predictor.

kr/MWh	Veke 25	Veke 24 (2022)	Veke 25 (2021)	Endring frå førre veke (%)	Endring frå i fjor (%)
NO1	1595,5	1521,7	468,2	4,8	240,7
NO2	2221,7	1800,5	588,0	23,4	277,8
NO3	77,0	98,5	324,5	-21,9	-76,3
NO4	77,0	99,0	219,1	-22,3	-64,9
NO5	1595,5	1518,6	468,2	5,1	240,7
SE1	422,1	230,8	303,2	82,8	39,2
SE2	422,1	230,8	303,2	82,8	39,2
SE3	1199,0	1014,2	362,3	18,2	230,9
SE4	2146,8	1376,3	853,7	56,0	151,5
Finland	1296,6	1250,5	516,3	3,7	151,2
Jylland	2769,7	1993,5	852,4	38,9	224,9
Sjælland	2719,7	1969,4	854,7	38,1	218,2
Estland	1751,2	1818,3	777,3	-3,7	125,3
System	1359,9	1042,2	432,8	30,5	214,2
Nederland	2695,3	2078,0	846,0	29,7	218,6
Tyskland	2819,1	2049,5	852,4	37,6	230,7
Polen	2037,3	1692,9	842,0	20,3	142,0
Storbritannia	2316,2	2017,7	1004,9	14,8	130,5

Figur 14 Gjennomsnittleg vekespris for prisområda Noreg i år. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 15 Spotprisar i Norden, Nederland, Tyskland og Storbritannia i førre veke. Kjelde: SKM Market Predictor




Terminmarknaden

Tabell 7 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt CO₂-kvotar. Kjelder: SKM Market Predictor. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.

Terminprisar (kr/MWh)		Veke 25	Veke 24	Endring (%)
Nasdaq OMX (nordisk kraft)	Juli	1095,5	932,1	17,5
	August	1289,4	1052,6	22,5
	3. kvartal 2022	1284,2	1055,2	21,7
	4. kvartal 2022	1719,2	1434,8	19,8
EEX (tysk kraft)	3. kvartal 2022	3046,4	2709,5	12,4
	4. kvartal 2022	3507,6	3215,1	9,1
CO ₂ (kr/tonn)	Desember 2022	878,6	860,1	2,2
	Desember 2023	909,1	893,6	1,7

Figur 16 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 17 Daglege sluttprisar for utslippskvotar på CO₂, kr/tonn. Kjelde: SKM Market Predictor



Sluttbrukarprisar


Tabell 8 Vekeutvikling i sluttbrukarprisar. Alle prisar er inkl. mva. bortsett frå spotpriskontrakt i Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar.

Kjelde: Forbrukerrådet, Nord Pool Spot og NVE.

Øre/kWh		Veke 25 2022	Veke 24 2022	Veke 25 2021	Veke 25 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
Variabelpris kontrakt*	Snitt frå eit utval av leverandørar	182,3	182,5	67,4	31,4	-0,2	114,9	150,9
		Veke 25 2022	Veke 24 2022	Veke 25 2021	Veke 25 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
Marknadpris- / spotpriskontrakt	Aust-Noreg (NO1)	203,8	194,6	62,9	6,4	9,2	140,9	197,4
	Sørvest-Noreg (NO2)	282,1	229,5	77,9	6,4	52,6	204,2	275,7
	Midt-Noreg (NO3)	14,0	16,7	45,0	7,5	-2,7	-31,0	6,5
	Nord-Noreg (NO4)	11,2	13,4	25,4	6,0	-2,2	-14,2	5,2
	Vest-Noreg (NO5)	203,8	194,2	62,9	6,4	9,6	140,9	197,4
Fastpriskontrakt		Veke 25 2022	Veke 24 2022	Veke 25 2021	Veke 25 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
	1 år (snitt Noreg)	176,0	176,0	61,4	45,6	0,0	114,6	130,4
	3 år (snitt Noreg)	128,9	130,8	56,6	49,6	-1,9	72,3	79,3


* Metoden for berekning av variabelpriskontrakt er gjennomsnittet av kontraktar som er tilbodne i fleire enn ti nettområder.

Figur 18 Vekeutvikling i pris på spotpriskontrakt* med eit påslag på 4,4 øre/kWh. Kjelder: Nord Pool Spot og NVE.



* Alle prisar bortsett frå spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderer mva. NVE nyttar eit påslag på 4,4 øre/kWh inkl. mva på alle spotpriskontraktar, bortsett frå spotpriskontraktar i Nord-Noreg, kor påslaget er på 3,5 øre/kWh ekskl. mva.

Figur 19 Vekeutvikling i prisane for spotpriskontraktar*, eitt- og treårige fastpriskontraktar** og variabelpriskontraktar***, basert på eit årleg forbruk på 20 000 kWh. Alle prisar inkl. mva. i norske øre/kWh. Kjelde: Forbrukerrådet.



* Alle prisar bortsett frå spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderer mva. NVE nyttar eit påslag på 4,4 øre/kWh inkl. mva på alle spotpriskontraktar, bortsett frå spotpriskontraktar i Nord-Noreg, kor påslaget er på 3,5 øre/kWh ekskl. mva.

** For fastpriskontraktar er det brukt eit gjennomsnitt av fastpriskontraktar som er tilbodne i fleire enn ti nettområder.

*** Prisar for variabelpriskontraktar vert meldt fram i tid. Metoden for å berekne variabel priskontrakt er å rekne gjennomsnittet av kontraktar som er tilbydd i fleire enn ti nettområder.

Tabell 9 Vekeutvikling i straumkostnaden* for sluttbrukarar. Straumkostnaden er eksklusiv nettleige** og forbruksavgift, men inkl. mva. bortsett frå elspotområdet Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar. Kjelde: Forbrukerrådet, Nord Pool Spot og NVE.

		Berekna straumkost. veke 25 2022		Berekna straumkost. veke 24 2022		Berekna straumkost. veke 25 2021		Berekna straumkost. veke 25 2020		
NOK				Endring frå førre veke		Differanse frå 2021 til no i år		Differanse frå 2020 til no i år		
Marknadspotpris-/ spotpriskontrakt **	Aust-Noreg (NO1)	10 000 kWh	229	226	3	10690	71	7188	7	9607
		20 000 kWh	458	452	6	21380	141	14376	14	19215
		40 000 kWh	1267	1066	201	43397	350	29582	29	39077
	Sørvest-Noreg (NO2)	10 000 kWh	317	267	50	10849	87	7396	7	9769
		20 000 kWh	634	533	100	21698	175	14791	14	19538
		40 000 kWh	1267	1066	201	43397	350	29582	29	39077
	Midt-Noreg (NO3)	10 000 kWh	16	19	-4	1797	50	-902	8	684
		20 000 kWh	31	39	-7	3593	101	-1803	17	1369
		40 000 kWh	63	78	-15	7187	202	-3606	34	2737
	Nord-Noreg (NO4)	10 000 kWh	13	16	-3	1108	29	-840	7	217
		20 000 kWh	25	31	-6	2215	57	-1679	14	433
		40 000 kWh	50	62	-12	4430	114	-3358	27	867
	Vest-Noreg (NO5)	10 000 kWh	229	226	3	10635	71	7143	7	9553
		20 000 kWh	458	451	6	21270	141	14286	14	19105
		40 000 kWh	916	903	13	42540	283	28573	29	38210
Variabelpris kontrakt	10 000 kWh	212	219	-7	9932	82	6077	43	7316	
	20 000 kWh	409	424	-15	19511	151	12139	70	14641	
	40 000 kWh	805	835	-30	38669	289	24263	126	29292	

* NVE nyttar ein temperaturkorrigert justert innmatingsprofil, basert på alminneleg forsyning i 2009-2014, for å berekna straumkostnaden til sluttbrukarane. Innmatingsprofilen er berekna av konsultentselskapet Optimeering AS på oppdrag frå NVE. Den same innmatingsprofilen er nytta for alle elspotområda og variabelpriskontrakt.

** Oversikt over nettleige per fylke og nettselskap finnes på [RMEs nettsider](#).

Tilstanden til kraftsystemet²

Det er vedlikehaldsarbeid på linjenett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om linjer og kraftverk viser vi til heimesidene til Nord Pool.

På grunn av ein teknisk feil er det ikkje marknadsmeldingar med i denne vekas rapport. Marknadsmeldingane finst på Nordpool sine heimesider: <https://umm.nordpoolgroup.com/> (“Urgent Market Messages (UMM)”)

² Kjelde: <https://umm.nordpoolgroup.com/> (“Urgent Market Messages (UMM)”)